



TILDELINGSBREV TIL BARNEVERNS- OG HELSENEMNDA

2025

Erik Bolstad Pettersen (e.f.)

Ekspedisjonssjef

Sophie Kristoffersen

Avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.



Barne- og
familiedepartementet

INNHOLD

1.	INNLEIING	3
2.	MÅL OG FORVENTNINGAR FOR 2025	3
3.	BUDSJETTILDELING OG FULLMAKTER.....	6
3.1.	TILDELINGAR 2025.....	6
3.2.	FULLMAKTER 2025.....	6
4.	FORVALTNING, STYRING OG UTVIKLING	7
4.1.	REGJERINGAS FELLESFØRINGAR	7
4.2.	REGJERINGAS TILLITSREFORM	8
4.3.	DIGITALISERING	8
4.4.	DIGITAL TRYGGLEIK, SAMFUNNSTTRYGGLEIK OG BEREDSKAP	8
4.5.	OPPFØLGING AV SAKER FRÅ RIKSREVISJONEN.....	9
4.6.	OPPFØLGING AV SPRÅKLOVA	9
5.	DIALOG, RAPPORTERING OG RESULTATOPPFØLGING	9
5.1.	VERKSEMDS- OG REKNESKAPSRAPPORTERING	9
5.2.	STYRINGSKALENDER.....	11

1. Innleiing

Barne- og familidepartementet (BFD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal, tildeler midlar og delegerer fullmakter til Sentraleininga for Barneverns- og helsenemnda for 2025. Tildelingsbrevet er basert på Prop. 1 S (2024–2025) for BFD og behandlinga til Stortinget, jf. Innst. 14 S (2024-2025). Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at den løpende verksemda blir vidareført. I tilfelle der Sentraleininga vurderer å avslutte eller nedprioritere oppgåver som er ein del av den løpende verksemda, eller som er gitt som spesielle oppdrag, skal departementet bli orientert. Det blir òg vist til føringar og krav gitt i instruks frå BFD for økonomi- og verksemdstyringa i Sentraleininga.

2. Mål og forventningar for 2025

Barneverns- og helsenemnda skal jobbe for høg rettstryggleik, likeverdig saksbehandling av høg kvalitet og effektiv saksavvikling. Sentraleininga skal legge til rette for å nå dette målet. Målet er i samsvar med departementets hovudmål i Prop. 1 S (2024–2025) om at rettstryggleiken til barn og foreldre skal varetakast.

Saker for nemnda skal bli behandla så raskt som omsynet til ei forsvarleg saksbehandling gjer mogleg, jf. barnevernslova § 14-16. Departementet forventar at ugrunna forskjellar i saksbehandlingstid mellom nemndene blir jamna ut.

Barneverns- og helsenemnda skal bidra til å fremje tillit til og openheit om barnevernet, mellom anna ved å gi offentlegheita innsyn i nemndenes arbeid, prosessar og avgjerder, samt ved publisering av statistikk. Det bør innanfor tilgjengelege ressursar bli prioritert å legge til rette for innhenting av data der forskrarar ber om dette.

Verksemda må gjennomføre tiltak for å tilpasse drifta innanfor dei tildelte ressursane for 2025. Dei tildelte ressursane skal nyttast effektivt og bli disponert for best mogleg måloppnåing for heile verksemda. Sentraleininga har ansvaret for at barneverns- og helsenemndene kan nå fastlagde mål og effektivt møte utfordringar innanfor ramma av gjeldande regelverk og tilgjengelege ressursar. Sentraleininga skal planleggje ressursane slik at mindre bestillingar frå BFD i løpet av året kan gjennomførast.

Barneverns- og helsenemnda skal prioritere arbeidet med oppdrag O1 i tildelingsbrevet frå 2024 om å greie ut mogelege organiseringar av verksemda for effektivisering og betre ressursutnytting med frist 1. april 2025.

Regjeringa vil legge fram ei kvalitetsmelding om barnevernet for Stortinget våren 2025. Det kan komme oppdrag knytt til oppfølging av kvalitetsmeldinga.

Følgjande mål, styringsparametrar og rapporteringskrav gjeld for 2025:

Mål: Rettstryggleiken til barn og foreldre skal varetakast

Styringsparameter SI: Effektiv, likeverdig og omsynsfull saksbehandling/prosess i saker etter barnevernslova.

Rapportering	Årsrapporten skal gi ei vurdering av status og utvikling på området. Rapporteringa skal vidare gi ei oversikt over tiltak som bidreg til effektiv, likeverdig og omsynsfull saksbehandling, under dette tiltak som bidreg til å halda saksbehandlingstida nede.
Styringsparameter S2: Medverknad frå barn i eiga sak.	
Rapportering	Årsrapporten skal gi ei vurdering av status og utvikling på området. Rapporteringa skal vidare gi ei oversikt over tiltak som bidreg til barns medverknad og barnevennlege prosessar og korleis det er blitt jobba for mest mogleg felles praksis. Rapporteringa skal òg gi ei vurdering av i kva grad kommunane legg fram informasjon om korleis barnet har medverka i saken fram til krav til nemnda om tiltak.
Styringsparameter S3: Gjennomføring av samtaleprosess.	
Rapportering	Årsrapporten skal gi ei vurdering av status og utvikling på området. Rapporteringa skal vidare gi ei oversikt over tiltak som bidreg til mindre regionale forskjellar i bruk av samtaleprosess.

Barneverns- og helsenemnda blir gitt følgjande oppdrag for 2025:

	Oppdrag	Frist	Rapp.
O1	Greie ut konsekvensar av korleis eit fagkunnig medlem tidleg i det saksførebuande arbeidet kan bidra med å avklare om det er behov for å innhente fleire opplysningar og vurderingar frå kommunen, og/eller om det bør utnemnast sakkunnig til å nærare klargjere bevisa i saka.	15. juni	2. tertial-rapport
O2	Ferdigstille digital mal for krav frå barnevernstenestene om tiltak og implementere malen via Saksportalen.	Malen: 15. april	1. tertial-rapport
O3	<p>Greie ut behov for bruk av fjernmøte som følge av (nye) permanente reglar for domstolane, samt forslag til regulering av bruk av fjernmøte i nemndene.</p> <p>Utgreiinga skal innehalde eit kunnskapsgrunnlag om praksisen og erfaringa til domstolane med bruk av fjernmøter ved rettsleg overprøving av nemndvedtak etter barnevernslova. Det blir under dette mellom anna bede om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - synet til nemndene på i kva sakstypar det er ønskjeleg å kunne nytte fjernmøte - synet til nemndene på kva vilkår som bør gjelde for å kunne nytte fjernmøte i ei sak. <p>Departementet ber om grunngivingar for eventuelle ønske, der òg personvernmessige konsekvensar, og problematiske sider av forslaget blir gjorde tydeleg, samt økonomiske og administrative konsekvensar.</p>	30. oktober	2. tertial-rapport

O4	Greie ut behov for å pålegge advokatar og kommunane v/barnevernstenestene å bruke Saksportalen, samt forslag til regulering. Utgreiinga skal òg omfatte økonomiske og administrative konsekvensar.		
----	--	--	--

Rapportering om kjerneverksemda som vedlegg til årsrapport

Årsrapporten for 2025 skal innehalde vedlegg om:

1. Saksbehandlingstid i barnevernssaker som blir avgjorde etter ordinær behandling:
 - a. Vedtak etter forhandlingsmøte
 - b. Vedtak etter skriftleg behandling
 - c. Trekt.
 - d. Saksbehandlingstid i saker for barn 0-6 år.
2. Saksbehandlingstid i saker etter barnevernslova som blir behandla med samtaleprosess:
 - a. Vedtak etter forhandlingsmøte
 - b. Vedtak etter skriftleg behandling
 - c. Trekt.
3. Saksbehandlingstid i saker som startar med forhandlingsmøte og går over til samtaleprosess.
4. Saksbehandlingstid i saker som startar med samtaleprosess og går over til behandling i forhandlingsmøte.
5. Saksbehandlingstid i saker etter helse- og omsorgstenestelova.
6. Talet på samtalemøte pr. sak i hovudsaker med samtaleprosess.
7. Talet på avgjorde klagesaker med samtaleprosess fordelt på avslutta med vedtak, trekt eller heva.
8. Omfanget av medhald for offentleg part i klagesaker over akuttvedtak, jf. barnevernslova § 14-23 og helse- og omsorgstenestelova § 10-5.
9. Registrering av årsak til at barn som ikkje er part i saken ikkje er høyrd.
10. Talet på barn med partsrettar, direkte eller etter ei konkret vurdering, fordelt på alder og region.
11. Talet på saker i 2024 der det blei nytta tolk og talet på tolkar i gjennomsnitt per sak.
12. Rapportere om det samla talet tolkeoppdrag, og talet på tolkeoppdrag som blir dekt med kvalifisert tolk i høvesvis kategori A-E i Nasjonalt tolkeregister.
13. Talet på saker etter barnevernslova § 6-4.
14. Talet på saker med bruk av utvida nemnd, jf. § 14-3 annet ledd.
15. Talet på saker nemndleider avviser etter 14-9 tredje ledd.

16. Talet på sakkunnige utgreiingar etter § 14-11 anna ledd bokstav e).
17. Del nemndvedtak som bli publisert på Lovdata i 2025.

3. Budsjettildeling og fullmakter

3.1. Tildelingar 2025

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2024-2025) for BFD og Stortingets behandling, jf. Innst. 14 S (2024-2025), blir følgjande midlar tildelt for 2025:

Kap. 853 Barneverns- og helsenemnda

(i 1 000 kroner)

Post	Nemning	Tildeling 2025
01	Driftsutgifter	264 464
<i>Sum kap. 853</i>		<i>264 464</i>

Barne- og familidepartementet stiller med dette ovannemnde løyving til disposisjon for Sentraleininga for Barneverns- og helsenemnda, jf. § 7 i Reglement for økonomistyring i staten.

3.2. Fullmakter 2025

A. Budsjettfullmakter som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert

- fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (post 01), på dei vilkåra som kjem fram av rundskriv R-110, punkt 2.2.
- fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret, på dei vilkåra som kjem fram av rundskriv R-110, punkt 2.3. Departementet viser også til [instruks om handtering av byggje- og leigesaker i statleg sivil sektor](#), og at det er obligatorisk å nytte Statsbygg som rådgivar i leigesaker der summen av framtidige forpliktingar overstig 30 mill. kroner.

B. Budsjettfullmakter som Barneverns- og helsenemnda må søkje Barne- og familidepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle:

- fullmakt til overføring av ubrukt driftsløyving frå eit år til neste, jf. løyvingsreglementet § 5.
- fullmakt til overskridning mot innsparing etterfølgjande budsjettår, på dei vilkår som kjem fram av rundskriv R-110, punkt 2.6.
- fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 853, post 01, med inntil 2 prosent av løyvinga, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3853, post 01.

4. Forvaltning, styring og utvikling

4.1. Regjeringas fellesføringar

Regjeringa har gitt si tilslutning til at departementa skal ta inn følgjande fellesføringar i tildelingsbreva for 2025:

a) **Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk**

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Barneverns- og helsenemnda skal følgje opp dette målet. I dette arbeidet skal det takast omsyn til varetaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet. Barneverns- og helsenemnda skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Barneverns- og helsenemnda skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, samt auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

b) **Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring**

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld inkludering og mangfold. Statlege verksemder skal ha ein positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgivarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå ut frå verksemda sin eigenart og storleik. Barneverns- og helsenemnda skal i årsrapporten informere om talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025 og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2025 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2024.

c) **Redusere konsulentbruken**

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. Barneverns- og helsenemnda skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Barneverns- og helsenemnda skal i årsrapporten for 2025 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, mellom anna om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er iverksett og konkrete resultat. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der konsulentar blir nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette bli omtala nærmare.

Barneverns- og helsenemnda skal som ein del av rapporteringa òg gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda i note til årsrekneskapen spesifisere dette nærmare. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette gå fram særskilt.

4.2. Regjeringas tillitsreform

BFD viser til at regjeringas tillitsreform er eit viktig og pågåande prosjekt. Verksemda blir òg i 2025 bede om å vurdere relevante tiltak innanfor eige ansvarsområde som kan inngå som del av tillitsreforma. I årsrapporten for 2025 blir verksemda bede om å rapportere om status for dette arbeidet og kva prosessar som er vurderte og gjennomførte.

4.3. Digitalisering

Ny nasjonal digitaliseringsstrategi blei lagt fram 26. september 2024. Vi viser til mål og føringar i denne, og særskilt til mål og føringar om KI, og deling og gjenbruk av data. Vi viser òg til Digitaliseringsrundskrivet og tidlegare års tildelingsbrev der arbeidet med deling og gjenbruk av data i Sentraleininga er vektlagt.

Oppdrag (O5 og O6) i 2025	Rapportering
Sentraleininga blir bede om å: <ul style="list-style-type: none"> informere om korleis verksemda arbeider med tilgang til data, under dette korleis det blir lagt til rette for deling og gjenbruk av data for eigen tenesteutvikling og med andre gjere greie for ev. utfordringar for deling og gjenbruk av data, i tillegg til pågående arbeid og planer på dataområdet. 	1. tertialrapport og årsrapport 2025
Sentraleininga blir bede om å: <ul style="list-style-type: none"> informere om bruk av KI i eiga verksemnd og tenesteutvikling, eller planar for bruk av KI gjere greie for ev. utfordringar for bruk av KI. 	Årsrapport 2025

4.4. Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap

I dei ugraderte trusselvurderingane frå etterretnings-, overvakings- og tryggingstenestene (EOS-tenestene), kjem det fram at etterretningstrusselen frå framandt statleg etterretning er skjerpa. Cyberoperasjonar og rekruttering av innsidalar vil vere blant dei mest sentrale metodane som trusselaktørane nyttar. Departementet legg til grunn at verksemda utviklar og held oppe den tryggingsfaglege kompetansen sin basert på trussel- og risikobiletet, og har evne til å gjere vurderingar av eigen tryggleik og aktuelle tiltak.

BFD legg til grunn at Barneverns- og helsenemnda etterlever Nasjonal tryggingsstyresmakt (NSM) sine [grunnprinsipp for IKT-tryggleik](#) og at verksemda følgjer [NSMs råd og tilrådingar for betre tryggleik på mobile eininger](#).

Oppdrag (O7) i 2025	Rapportering
Sentraleininga skal i 2025: <ul style="list-style-type: none"> oppdatere sine risikoanalysar og analysar av sårbarheit, samt krise- og beredskapsplanverk oppdatere plan for å kunne halde oppe tenesteleveransar ved eventuelt bortfall av samfunnskritisk infrastruktur som elektronisk 	Årsrapport

kommunikasjon (EKOM), kraft og vavn.	
--------------------------------------	--

4.5. Oppfølging av saker fra Riksrevisjonen

I dei tilfella der Riksrevisjonen har teke opp konkrete forhold, skal Sentraleininga setje i verk nødvendige tiltak slik at dei forholda som blir påpeika blir retta opp. Departementet ber om å bli orientert om korleis eventuelle merknader frå Riksrevisjonen er eller vil bli følgt opp, i etatsstyringsmøta. Sentraleininga skal sende over kopi av svarbrev til Riksrevisjonen til departementet når korrespondansen går direkte mellom Riksrevisjonen og Sentraleininga.

4.6. Oppfølging av språklova

Rapportering frå Språkrådet for 2023 viser at Sentraleininga i stor grad oppfyller krava i språklova § 13 om bruk av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. I samsvar med § 14 skal statsorgan òg gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig. Sentraleininga oppfyller ifølgje Språkrådet ikkje krava i § 14, og departementet ber om at dette får prioritet i 2025. I årsrapporten for 2025 skal Sentraleininga informere om korleis verksemda har jobba for å nå krava i språklova.

Resultatet for Barneverns og helsenemnda i 2023 var ifølgje Språkrådet følgjande:

- Funn sosiale medium 21 prosent er på nynorsk. – under kravet
- Ny tekst på hovudnettstaden 7 prosent er på nynorsk. – under kravet
- All tekst på hovudnettstaden 7 prosent er på nynorsk. – under kravet

5. Dialog, rapportering og resultatoppfølging

5.1. Verksemds- og rekneskapsrapportering

Departementet vil innhente opplysningar om rekneskapsutviklinga i løpet av året og kome tilbake med nærmare informasjon om tidsfristar for denne rapporteringa. Det skal rapporterast på ein slik måte at både forbruk per dato og planlagt forbruk for resten av året kjem fram på ein detaljert, ryddig og oversiktleg måte. Om nødvendig må Sentraleininga på departementets førespurnad kunne gi rask dokumentasjon på rekneskaps- og resultatutviklinga.

Det er viktig at årsakene til vesentlege avvik frå mål og resultatkrav blir forklart på ein utfyllande måte. Rapporteringa vil danne grunnlag for utarbeidninga av resultatrapporteringa i Prop. 1 S.

Oppdrag (O8) i 2025 Føring av verksemda sitt rekneskap etter periodiseringsprinsippet	Rapportering
Det blir vist til Finansdepartementets rundskriv R-114 15.12.22. Rundskrivet inneber at alle statlege verksemder seinast innan rekneskapsåret 2027 skal ha innført verksemdsrekneskap etter periodiseringsprinsippet og dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Det	1. og 2. tertialrapport

blir vidare vist til dialogen mellom departementet og Barneverns- og helsenemnda som inneber at Barneverns- og helsenemnda innfører dette frå og med rekneskapsåret 2026. Departementet ber om at Barneverns- og helsenemnda i samband med økonomirapporteringa for første og andre tertial 2025 kjem med ei kort forklaring for status i arbeidet med å innføre verksemdsrekneskap etter SRS frå og med 1. januar 2026.	
--	--

Rapportering	Frist til BFD
Årsrapport og rekneskap for 2024	14.03.2025
1. tertialrapport – Verksemds- og rekneskapsrapport	03.06.2025
2. tertialrapport – Verksemds- og rekneskapsrapport	30.09.2025
Årsrapport og rekneskap for 2025	13.03.2026

Årsrapporten skal presentere ei heilskapleg vurdering av ansvarsområdet for verksemda, under dette ei kvalitativ vurdering av:

- måloppnåing/resultatoppnåing, gjennomføring av tiltak, under dette status, utfordringsbilete og framtidsutsikter
- styringsparametrar der det ikkje er formulert konkrete mål
- effekten av eigen innsats og prioriteringar
- risiko og særlege utfordringar.

Tertialrapportane er hovudsakleg avviksrapportar der Sentraleininga skal gjere greie for avvik, risiko for avvik og handtering av dette. Dersom verksemda har problem med å oppfylle dei krava som er sett i tildelingsbrevet, eller forventar at desse ikkje blir oppfylte i løpet av året, skal dette meldast inn i tertialrapportane, eller før om nødvendig. Tertialrapportane kan òg kort gjere greie for framdrift og status på sentrale ansvarsområde, under dette om saksbehandlingstida siste 2-3 år. Rapportane kan omfatte status og vurdering av sentrale utviklingstrendar og risikoområde.

Tema	Oppdrag (O9-11)	Rapportering
Aktivitets- og redegjørelsesplikter	Gjere kort greie for verksemda si oppfølging av likestillings- og diskrimineringslova.	Årsrapport
Regjeringas fellesføringar	Rapportere i tråd med punkt 4.1 over.	Årsrapport
Tillitsreforma	Rapportere om status for dette arbeidet og kva prosessar som er vurderte og gjennomførte.	Årsrapport

5.2. Styringskalender

5.2.1. Etatsstyringsmøter

Møter	Dato og tidspunkt	Hovedtema
1. etatsstyringsmøte	24.04.2025 14.00-15.30 i BFD	Årsrapport for 2024, status og planlegging for 2025, inkludert risiko og risikoreduserande tiltak.
2. etatsstyringsmøte	30.10.2025 14.00-15.30 i BFD	Rapport for 2. tertial og planlegging for 2025 inkludert risiko og risikoreduserande tiltak.

I tillegg til dei ordinære etatsstyringsmøta kan det vere behov for kontakt mellom BFD og Sentraleininga om faglege spørsmål. Denne kontakten blir vareteken gjennom mellom anna fagmøte.

5.2.2. Budsjettinnspill

Budsjettinnspill	Frist til BFD
Tekstinnspill til Prop. 1 S (2025-2026)	08.05.2025
Rammefordeling 2026: interne omprioriteringar	02.04.2025
Nysaldering 2025	30.09.2025
Satsingsforslag (og inndeknings- og innsparingsforslag for) 2027	26.09.2025

Det blir teke atterhald om at alle budsjettfristane er førebelse. BFD kjem tilbake med endelige fristar når fristane frå Finansdepartementet ligg føre. BFD vil sende Sentraleininga eit førsteutkast av tekst om Barneverns- og helsenemnda i Prop. 1 S for BFD (2025-2026).

Kopi: Riksrevisjonen